

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Dato	28.09.2023
Vår referanse	2023/75574-2
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Lillian Bakke Byrknes
E-post	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
Telefon	45638702

Uttale - dispensasjonssøknad - oppretting ny grunneigendom for bustadhus - gnr. 423 bnr. 15 - Marøy - Alver kommune

Vi viser til førespurnad om uttale frå Alver kommune datert 06.09.23.

Saka gjeld søknad om oppretting av ny grunneigedom for bustadhus. Det er søkt om dispensasjon frå føresegn i kommunedelplan for Radøy. Det er også søkt om deling etter plan- og bygningslova, denne søknaden vert behandla når dispensasjonssaka er ferdig.

Parsell ligg i uregulert område sett av til LNF spreidd busetnad. Innanfor dette området kan det ifølge føresegnene opprettast 3 nye bustadeigedomar/byggast 3 nye bustadhus i planperioden. Administrasjonen i kommunen legg til grunn at det er bygt 2 hus innanfor området til no, og at planen opnar for at det kan opprettast ein ny bustadeigedom til.

Uttale

Tiltaket med deling og bygging krev avkøyrsløyve og kommunen ber oss gje ei tilbakemelding på om eit løyve kan påreknast.

Vår vurdering av avkøyrsla er at vi kan gje løyve til utvida bruk av avkøyrsla. Vi vil behandle søknad om utvida bruk når vi mottar den.

Vestland fylkeskommune ved avdeling for infrastruktur og veg har ikkje andre merknadar til tiltaket og søknaden.

Med helsing

Kari Elster Moen
fagkoordinator
INV - Forvaltning Bergensområdet

Lillian Bakke Byrknes
rådgjevar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift